



# VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling tekniske tenester

Køyretøy Historisk Klubb Voss  
v/Stig Kåre Trå  
Øvrebøvegen 13

5710 Skulestadmo

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
12/177-24 17952/14	TE	KS	611 U		24.07.2014

## VOSS NÆRINGS-PARK ISTAD TILBOD PÅ TOMT

Det vert vist til dykkar førespurnad om tomt i Voss Næringspark Istad og til tidlegare samtalar.

Voss kommune kan tilby dykk **tomt A1** som vist på vedlagt forslag til tomteplan datert 22.07.2014.


Tomteprisen er pr. d.d. kr. 167,23 pr. m<sup>2</sup>. Jf. vedtak i sak 06/720.

Utkast til kjøpekontrakt ligg vedlagt.

Underteikna kjøpekontrakt er grunnlag for søknad om frådelling og gjennomføring av oppmålingsforretning.


Ein gjer merksam på at kommunen pr. d.d. ikkje har hand om det aktuelle området. Prosess med innløyising av arealet pågår.

Med helsing

  
Kjell Stavenes  
eigedomsforvaltar

Vedlegg: Forslag til tomteplan datert 22.07.2014  
Utkast til kjøpekontrakt  
Utrekning av prisendring etter konsumprisindeksen

Kopi til: Torbjørg Austrud  
Sigmund Gjernes  
Jon Spildo Prestegard  
Jakob Håheim



VK	1:1000	Voss kommune, Tekniske tenester VA-Plan, Pb 145, 5701 Voss
VK	22.07.2014	
<b>Forslag tomteplan</b>		<b>C110</b>
Areal 1,2,3,4,5		
Reguleringsplan	J Håheim	K Stavenes
		arblgning nye kjøp tel.dwg

## Kjøpekontrakt – Voss Næringspark

Mellom Voss kommune (seljar) og Køyretøy Historisk Klubb Voss (kjøpar) er det inngått slik kjøpekontrakt:

1. Seljar overdreg tomt til kjøpar i samsvar med kartutsnitt datert 22.07.2014.  
Pris er sett til kr. 160, - pr. m<sup>2</sup>, regulert med utgangspunkt i konsumprisindeksen for november 2014.  
**Kjøpesum:**  $(167,23 \times 2079) = \text{kr.}347.671,-$   
I tillegg fell øvrige kostnader ved overdraginga som frådelling, tinglysing, dokumentavgift og tilkoplingsavgift for vatn og avløp på kjøpar.
2. Kjøpar må sjølv bera kostnader for stikkleidningar og påkopling til kommunalt leidningsnett.
3. Dersom kjøpar i løpet av 3 år frå underskriven kontrakt ikkje har starta arbeidet med opparbeiding av tomt, har seljar rett til å kjøpa tomta tilbake til same pris som i kjøpekontrakt. Seljar har også rett til å kjøpa tomta tilbake dersom tomta ikkje er teken i bruk i løpet av 5 år. Opparbeid tomt vert å løysa ut etter takst.
4. Seljar, eller den som får løyve av seljar, har rett til å leggja, ha liggande og vedlikehalda leidningar av alle slag over tomtene, mot å setta arealet i same stand som før inngrepet. Før ev. leidningar vert lagt, skal tomteeigar ha rett til å uttala seg. Leidningar kan ikkje leggest slik at dei er til urimeleg skade for den aktivitet som vert drive på eigedomen.
5. Underskriven avtale er grunnlag for rekvisisjon av oppmålingsforretning. Skøyte vert utarbeid straks matrikkelbrev føreligg og overlevert kjøpar ved dokumentert innbetaling av kjøpesum.  
Tinglysing av skøyte skal skje før arealet vert teke i bruk.  
Kjøpar skal sjølv syta for tinglysing av skøyte.
6. Seljar har gjeve kjøpar dei opplysningar om eigedomen som han er kjent med. Ev. manglar ved eigedomen gjev ikkje kjøpar grunnlag for å heva avtalen eller reisa krav mot seljar, med mindre seljar har gjeve uriktige opplysningar eller unnlate å opplysa om vesentlege skjulte feil eller manglar som seljar var kjent med.
7. Eigedomen skal overdragast fri for pengehefte.

8. I tillegg gjeld føresegner i gjeldande reguleringsplan.
9. Tvistar mellom seljar og kjøpar skal avgjerast av ei skiltdomsnemd med tre medlemmer. Kvar av partane vel eitt medlem og Sorenskrivaren i Nordhordaland vel leiar i nemnda. Avgjerder som skiltdomsnemda fattar skal grunngevest, og er bindande for partane.
10. Avtalen er utferda i 2 eksemplar. Eit til kvar av partane.

Voss, .....

.....  
Voss kommune (Seljar)

.....  
(Kjøpar)





**Statistisk sentralbyrå**  
Statistics Norway

## BEREGN PRISENDRING SELV

Nye månedstall kommer den 10. hver måned.

Kronebeløp  
160

NOK

Fra  
År  
2011

Måned

November

Til  
År  
2014

Måned

Juni

Beregn endringen

### Resultat av utregning

160 kr i november 2011 tilsvarte 167,23 kr i juni 2014.

NOK	november 2011	160
NOK	juni 2014	167,23
%	Prisstigning	4,5

### Merk!

Beregningene viser utviklingen i kroneverdien når en tar utgangspunkt i konsumprisindeksen. Beregningene viser ikke hva enkeltvarer bør eller skal koste når prisen reguleres med konsumprisindeksen.

[Les mer om priskalkulatoren](#)